



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Cowi AS v/Siv Irene Ådland

Solheimsgaten 13
5058 BERGEN

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Vår ref.

2012/225 - 0 -
26548/2012

Telefon

Arkivkode:

183/2

Dato:

08.11.2012

Delegert sak

Løyve til etablering av veg på GBnr 183/2-Kleivdal

Delegasjonssak:

Kommunen gjev løyve til etablering av veg i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 03.02.2012, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
COWI AS	S	SØK Ansvarleg søker 3
	S	PRO Anlegg, konstruksjoner og installasjoner 3
	S	PRO Bygninger og installasjoner
	S	UTF Anlegg, konstruksjoner og installasjoner 3
	S	Kontroll utførelse for anlegg, konstruksjoner og installasjoner 3
	S	Kontroll prosjektering bygninger og installasjoner 3
	S	Kontroll utførende bygninger og installasjoner 3
	S	Kontroll prosjektering anlegg, konstruksjoner og installasjoner 3
Implenia AS	S	UTF Bygninger og installasjoner 3



		UTF Anlegg, konstruksjoner og installasjoner 3 Kontroll utførelse for anlegg, konstruksjoner og installasjoner Kontroll utførelse for bygninger og installasjoner
--	--	---

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Det er søkt om delvis omlegging av kv 11 på strekningen Kleivdal. Det søkjast om etablering av nytt kryss ved fv 390 med velteplass og snuhammer for tømmertransport.

I forbindelse med etablering av hovudvassleidning blir det gjort justeringer på veg for å betre linjeføringa til veg. Det planleggast også nytt asfaltdekke for deler av vegen. Vegen ligg i området som i kommuneplan er sett av til LNF-føremål. Det er søkt om dispensasjon frå planføremål, og saka var oppe til Plan- og miljøutvalet den 03.10.12.

Søknad om dispensasjon vart innvilga.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av Kommuneplan vedteke 22.09.2011.

Vegen ligg i LNFR-området i kommuneplanen.

Veg og tilkomst

Det søkjast omlegging av deler av Kleivdalsvegen og etablering av nytt kryss ved fv 390 med snuplass med veltehammer. Det er planlagt nytt asfaltdekke for deler av vegen.

Plassering og høgdeplassing

Veg, ny avkjørsle med snuplass med veltehammer skal utførast og plasserast som omsøkt.

Vatn- og avlaup

Det skal etablerast ny hovedvassleidning. Veg vert justert i forhold til dette, og vil få ein betre linjeføring.

Dispensasjonar

Søknaden har vore handsama i politisk utval den 03.10.12.

Det var gjeve dispensasjon frå Kommuneplanens føresegn om LNF-føremål.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne gjeve løyve til delvis omlegging av veg, nytt kryss ved fv 390 og snu/vendehammer med velteplass.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a4 Veganlegg	1	9.600

C.5.2b3 Tilleggsgebyr	1	7.600
C.4.3 Dispensasjon frå planføresegn	1	11.400
Totalt gebyr å betala	3	28.600

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Kopi til:

Lindås Kommune teknisk drift Arne Eikefet Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ